



Statens vegvesen

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 UGGDAL

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eva Sundal / 53650168

Vår referanse:
16/142978-5

Dykkar referanse:
16/731 - 8

Vår dato:
20.10.2016

Uttale til planprogram – rullering av trafikksikringsplan 2016 – Tysnes kommune

Vi viser til oversending av planprogram for rullering av trafikksikringsplan for Tysnes kommune samt møte i arbeidsgruppa på Tysnes rådhus den 26.09.2016.

Utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan er ein viktig del av det målretta og systematiske trafikksikringsarbeidet i kommunane. Ein slik plan skal blant anna koordinera og auka kommunen sin innsats i trafikksikringsarbeidet, få auka fokus på dette i lokalsamfunnet, få ei samla oversikt over trafikktryggleikssituasjonen i kommunen og prioritere tiltak, samt å gje grunnlag for tildeling av offentlege trafikksikringsmidlar.

Av planprogrammet framgår at Tysnes kommune vil legge til rette for trygge trafikktilhøve og sikring av mjuke trafikantar, med vekt på tiltak rundt skular, barnehagar, offentlege møtestader, busstopp og ulukkespunkt. Vi vil i tillegg oppmode kommunen om også å legge vekt på haldningsskapande og førebyggjande tiltak i trafikksikringsarbeidet.

Vi ser også positivt på at kommunen legg opp til brei medverknad frå innbyggjarane og med særleg vekt på medverknad frå born og unge. Dette vil bidra til å gje innbyggjarane eit forhold til planen og trafikksikringsarbeidet i kommunen.

Statens vegvesen ynskjer lukke til med arbeidet og ser fram til eit godt samarbeid der vi bidreg med våre faglege vurdringar og råd i planprosessen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Eitrheimsvegen 160
5750 ODDA

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Plan og forvaltning, Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonsleiar

Eva Sundal

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN